

Saksbehandlar: Einar Ulla, Sekretariat for kontrollutvala  
Sak nr.: 13/5987-10

## Møtebøkene for fylkesutvalet og hovudutvala 2013 til desisjon

**Kontrollsjefen rår kontrollutvalet til å gje slik tilråding:**  
**Kontrollutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

1. Rapport etter gjennomgang av møtebøkene for fylkesutvalet og hovudutvala 2013 vert teken til etterretning.

### Vedlegg:

- Rapport etter stikkprøvekontroll av møtebøkene for fylkesutvalet og hovudutvala 2013.

Andre dokument som ikkje ligg ved:

---

## SAKSFRAMSTILLING

---

### 1. Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet legg årleg fram ei sak til fylkestinget om desisjon av møtebøkene for fylkesutvalet og hovudutvala. Fylkestinget vedtok i 2009 å gjennomføre desisjonssaka basert på ein stikkprøvekontroll av møtebøkene og vedtaka som er gjort i møta. Punkt 2 i vedtaket var slik:

*Framtidig handsaming av saka "Møtebøkene for fylkesutvalet og hovudutvala – til desisjon" vert basert på ein stikkprøvekontroll av møtebøker og saker som er protokollert med sikte på å få gjennomført kontroll av:*

- om vedtaket i den enkelte sak er gjort av eit organ med fullmakt til å gjere slikt vedtak
- om vedtaket er i samsvar med norsk lov, eventuelle andre relevante regelverk
- om vedtaket er i samsvar med budsjettvedtak, formål og om det er innanfor rammene av vedtak i fylkestinget

Dei siste åra har Deloitte AS gjennomført stikkprøvekontrollen og produsert rapport på bakgrunn av vurderingane som er gjort av dei tre kulepunkta over.

For 2013 er det sekretariatet for kontrollutvalet som har gjennomført stikkprøvekontrollen og skrive rapporten. Vurderingane i samband med kulepunkta er utført av Deloitte slik at kravet til revisjonsfagleg og juridisk kompetanse er stetta. I tillegg er ein også sikra at sekretariatet ikkje gjennomfører revisjonshandlingar med denne framgangsmåten.

Det er også Deloitte AS som har vurdert fylkeskommunen sin praksis rundt protokollering av møta i finansutvalet og planutvalet, som det var stilt spørsmål om i bestillinga.

### **3. Vurderingar og konsekvensar**

#### **Gjennomførte møte i 2013.**

Det var i 2013 gjennomført 69 møte og handsama 419 saker fordelt på fylkesutvalet, planutvalet, finansutvalet fylkesutvalet som klagenemnd og dei forskjellige hovudutvala. 258 av vedtaka var endelege vedtak.

Fylkesutvalet:

30.1 - 27.2 - 13.3 - 8.4 - 15.4 - 24.4 - 15.5 - 5.6 - 7.6 - 10.6 - 26.6 - 21.8 - 13.9 - 25.9 - 14.10 - 6.11 - 27.11 - 9.12 - 11.12, i alt 19 møte.

Tal saker som har vore handsama i perioden: 134, derav 89 saker med endeleg vedtak. Tidspunkt for møtet 11.12.13 kjem ikkje fram i protokollen som ligg på heimesida.

Fylkesutvalet som klagenemnd:

30.1 - 26.6 - 27.11 - 9.12, i alt 4 møte.

Tal saker som har vore handsama i perioden: 8 saker, der alle sakene har endelege vedtak.

Planutvalet:

30.1 - 27.2 - 13.3 - 8.4 - 26.6 - 27.11, i alt 6 møte og 8 saker.

Finansutvalet:

8.4 - 26.6 - 25.9 - 6.11 - 13.11, i alt 5 møte og 5 saker.

Hovudutval for opplæring:

26.2 - 4.4 - 15.4 - 28.5 - 7.6 - 14.8 - 24.9 - 30.10 - 26.11 - 19.12, i alt 10 møte

Tal saker som har vore handsama i perioden: 38, derav 25 med endeleg vedtak

Hovudutval for plan og næring:

23.1 - 6.2 - 12.3 - 8.5 - 28.5 - 19.6 - 24.9 - 23.10 - 26.11, i alt 9 møte

Tal saker som har vore handsama i perioden: 88, derav 59 med endelege vedtak.

Hovudutval for samferdsle:

14.2 - 19.3 - 15.4 - 28.5 - 18.6 - 24.9 - 23.10 - 26.11, i alt 8 møte

Tal saker som har vore handsama i perioden: 63, derav 27 vedtak med endeleg vedtak. Det står i møteprotokollen for møtet 14.02.13, som ligg på heimesida til fylkeskommunen, at møteboka frå 23.01.2013 vart godkjend utan merknader. Det er feil dato i protokollen. Det var møtebok frå 10.12.12 som vart godkjent i møtet iflg. sekretær for utvalet.

Hovudutval for kultur:

5.2 - 12.3 - 23.4 - 28.5 - 19.6 - 24.9 - 23.10 - 26.11, i alt 8 møte

Tal saker som har vore handsama i perioden: 75, sakene 1 - 77. Det manglar protokoll frå sak 37 og 50. Det har ikkje vore handsama saker med desse saksnummera i følgje sekretær for utvalet. Det vart fatta 50 endelege vedtak i hovudutval for kultur i 2013.

Bestillinga som var sendt til Deloitte AS:

**1. Revisor blir bedt om å gjennomføre vurdering av følgende 15 saker for å få svar på:**

- om vedtaket i den enkelte sak er gjort av eit organ med fullmakt til å gjere slikt vedtak
- om vedtaket er i samsvar med norsk lov, eventuelle andre relevante regelverk
- om vedtaket er i samsvar med budsjettvedtak, formål og om det er innanfor rammene av vedtak i fylkestinget

**Saker:**

Fylkesutvalet:

- ✓ Samhandling om fornying og utvikling av offentleg sektor, sak 6/13
- ✓ Reiselivsstrategi for Vestlandet 2013 – 2020, sak 20/13
- ✓ Luster kommune – kommuneplan 2013 – 2024 – Samfunnsdelen, sak 35/13
- ✓ Fv. 607 Heggebø – Leirvik. Søknad om fråvik av vegnormalane, sak 60/13
- ✓ Sogndal kommune – offentleg ettersyn og høyring av planprogram for arealdelen til kommuneplan – motsegn (avgrensa område), sak 80/13

Hovudutval for opplæring:

- ✓ Justering av opplæringstilbodet 2013 - 2014, sak 4/13
- ✓ Samanhengande 13-årig opplæringsløp, sak 26/13

Hovudutval for plan og næring:

- ✓ Omstillingsstatus og omstillingsløyving 2013, sak 5/13
- ✓ Regionale utviklingsmidlar 2013 – Fordeling II, tillegg, sak 50/13
- ✓ Natur- og kulturarven som grunnlag for lokal samfunnsutvikling og verdiskaping, sak 71/13

Hovudutval for samferdsle:

- ✓ Søknad om fornying av ruteløyyet Flåm – Aurland – Hol/Ål, sak 4/13
- ✓ Takstar i Florabassenget, sak 45/13

Hovudutval for kultur:

- ✓ Tildeling av statleg tilskot kap. 1429 post 72 – Freda bygg og anlegg, Kystkultur, Kulturmiljø og Verdsarv 2013, sak 20/13
- ✓ Kystpilegrimsleia – frå forprosjekt til hovudprosjekt, sak 57/13
- ✓ Desentralisert ordning for lokale kulturbygg 2013 – fordeling av tilskot, sak 64/13

Revisor vart i tillegg bedt om å vurdere fylkeskommunen si rutine for protokollering av møta i finansutvalet og planutvalet i høve til lov og forskrift i tillegg til eventuelle retningslinjer vedtekne i Sogn og Fjordane fylkeskommune for protokollering av politiske møte.

Rapporten

Deloitte konkluderte med fem saker der slike vurderingar er gjort:

- FU-sak 20/13 Reiselivsstrategi for Vestlandet 2013 – 2020
  - Deloitte meiner at denne saka berre skulle ha blitt handsama i Hovudutval for plan og næring, og ikkje blitt sendt vidare til fylkesutvalet.
- FU-sak 60/13 Fv. 607 – Heggebø – Leirvik. Søknad om fråvik frå vegnormalane
  - Etter revisor si vurdering hadde det vore tilstrekkeleg om saka hadde vore handsma i hovudutval for samferdsle etter delegerings- og innstillingsreglementet punkt 3.8, sjetta avsnitt der det går fram at hovudutval for samferdsle er vegstyremakt for fylkesvegar.
- HO-sak 4/13 Justering av opplæringstilbodet 2013 - 2014

- Punkt 3 (omdisponering av midlar frå teneste 5210 til teneste 5201) i vedtaket skulle etter revisor si vurdering vore vedteken av fylkestinget.
- HS-sak 45/13 Takstar i Florabassenget
  - Etter Deloitte si vurdering burde punkt 1, 2 og 4 i vedtaket blitt fremma som innstillingar for fylkestinget
- HK-sak 57/13 Kystpilgrimsleia – frå forprosjekt til hovudprosjekt
  - Vedteken løyving i på kr. 100 00 i punkt 3 i vedtaket skulle etter revisor si vurdering vore tydlegare med omsyn til kvar midlane skulle takast frå.

I vurderinga av rutinar knytt til protokollføring av møta i finansutval og planutval, kom Deloitte AS med følgjande tilråding:

- Revisor rår til at ordninga med finansutval og planutval vert skildra i relevante dokument som omtalar politiske organ i fylkeskommunen og på fylkeskommunen sine nettsider. Dette for å tydeleggjere overfor innbyggjarane og politikarane kva funksjon utvala har og kven som sit i dei forskjellige utvala.
- Revisor meiner at det bør nyttast same mal for protokoll/møtebok og same praksis knytt til tilgjengeleggjering av protokollane for finansutvalet og planutvalet som for andre politiske organ i fylkeskommunen. Revisor vurderer det som positivt at fylkeskommunen har retta opp dette for finansutvalet ved at det frå juni 2014 blir ført slik protokoll. Revisor rår til at det vert gjennomført ei slik endring også for protokollføring frå møta i planutvalet.

#### Høyring

Rapporten har vore til høyring hjå fylkesrådmannen, som har knytt kommentarar til to av sakene og til vurderinga som revisor har gjort av protokollføringa av finansutvalet og planutvalet.

I HO-sak 4/13 er fylkesrådmannen samd med revisor i at hovudutvalet ikkje hadde mynde til å føreta omdisponeringa som nemnd i vedtaket pkt. 3, men at saka burde vore sendt med tilråding til fylkesutvalet og fylkestinget.

I HS-sak 45/13 er fylkesrådmannen samd i at hovudutvalet ikkje hadde mynde til å gjere vedtak om takst og rabattordning utan å ta atterhald om fylkestinget sitt budsjettvedtak for 2014.

Når det gjeld vurderinga av protokollføring i finansutvalet og planutvalet er fylkesrådmannen samd i dei vurderingane som revisor har føreteke.

Høyringsuttalen frå fylkesrådmannen er vedlagt rapporten som vedlegg 2.

## **4. Konklusjon**

Det er avdekka avvik i fem saker i høve til vurderingskriteriane. I to av desse sakene skulle vedtak vorte gjort i hovudutvalet i staden for å bli sendt til fylkesutvalet. To av saken skulle vore sendt til fylkestinget for endelege vedtak, og ei sak gjaldt uklar formulering rundt vedtak om løyving.

Revisor har også vurdert praksisen for protokollføring i finansutvalet og planutvalet, og skriv at det bør nyttast same praksis for protokollering av desse utvala som for andre politiske organ i fylkeskommunen.